

Detaljreguleringsplan for fv.548 Skånevik - Flesjo

Reguleringsføresegner

Detaljregulering

PlanID 2016-04

1 Siktemålet med planen

Planforslaget vert fremja som detaljreguleringsplan etter lov om planlegging og byggesaksbehandling § 12-3, Detaljregulering. Planen fastsett dimensjonering, plassering og utforming av sjølve vegen og legg til rette for utbetring av fylkesveg 548 mellom Skånevik og Flesjo i Etne kommune. Den skal sikre god trafikktryggleik og framkomst, kurvatur og standard i tråd med gjeldande vegnormal, samt eit tilbod for gåande og syklande på delar av strekningen.

2 Fellesføresegner for heile planområdet

2.1.1 Mindre avvik innanfor område

Ved etablering av planen sine tiltak kan mindre avvik i høve reguleringsplanen sine formålsgrenser tillatast grunna manglande opplysningar i kartgrunnlag eller grunntilhøve på staden. Areal regulert til samferdselsformål kan justerast innbyrdes. For areal som ikkje blir disponert til vegformål legg ein til grunn att dette vert brukt til same formål som tilstøytande areal

2.1.2 Universell utforming

Busshaldeplassane med gangtilkomst skal utformast slik at dei kan brukast av alle menneske på ein likestilt måte så langt som råd utan spesielle tilpassingar eller hjelpemiddel.

2.1.3 Eigartilhøve

Planen tar stilling til følgjande eigartilhøve:

Offentleg areal

Køyreveg (o_SKV1)

Veg (o_SV1)

Fortau (o_SF1 og o_SF2)

Annan veggrunn – grøntareal (o_SVG1 og o_SVG3)

Kollektivhaldeplass (o_SKH)

Kombinerte formål for samferdselsanlegg og/eller tekniske infrastrukturtrasear (o_SKF1 og o_SKF2)

Felles areal (

Veg (f_SV2 – f_SV10)

Feltnamn	Felles for eigedomar gnr./bnr.
f_SV2	131/29, 34, 91, 110, 124
f_SV3	131/27, 108
f_SV4	131/7,45, 47, 48, 49, 151, 165, 169, 178, 180, 181
f_SV5	131/31, 64
f_SV6	131/8,9, 10, 24, 25, 40, 54, 55, 59, 60, 67, 68, 79, 82, 87, 96 og 131/8/1
f_SV7	131/24, 40
f_SV8	131/9, 10, 52, 53, 57, 71,73, 80, 81, 89, 106, 107, 112, 116, 140, 168, og 130/2, 4, 8,54
f_SV9	131/72, 85, 86, 90, 92, 94, 95,
f_SV10	131/75, 88, 111

Annan veggrunn – grøntareal (f_SVG2)

Parkeringsplasser (f_SPP1 – f_SPP2)

Feltnamn	Felles for eigedomar gnr./bnr.
f_SPP1	131/ 29 og 131/34
f_SPP2	131/24, 40

Anna eigarform

Renovasjonsanlegg (BRE)

- Angitt byggje- og anleggsformål kombinert med andre angitte hovudformål (BAA1-BAA4)
- Veg (SV11 – SV17)

SV11-SV17 er privat veg

Feltnamn	Eigedom gnr./bnr.
SV11	131/1/42, 46, 117, avkøyrse frå fylkesveg SKV1
SV12	131/22, avkøyrse frå fylkesveg SKV1
SV13	131/8
SV14	131/30, avkøyrse frå fylkesveg SKV1
SV15	131/93, avkøyrse frå fylkesveg SKV1
SV16	125/1, avkøyrse frå fylkesveg SKV1
SV17	129/1, avkøyrse frå fylkesveg SKV1

Gangveg/gangareal (f_SGG1)

Feltnamn	Eigedom gnr./bnr.
SGG	131/134

- Annan veggrunn (SVG4)
 - Landbruks-, natur- og friluftformål (L)
 - Angitt byggje- og anleggsformål kombinert med andre angitt hovudformål (BAA1-BAA4)
- Areal avsett til f_SGG skal være open for allmenn ferdsel**

2.1.4 Landskap og tilpassing av terreng

Arkitektonisk kvalitet og heilskap skal vektleggast i prosjektet.

Høge vegskjeringar og murar skal vere sikra med gjerde under anleggsperioden og når anleggsperioden er over.

Terrengingrep i samanheng med veganlegget skal skje mest mogeleg skånsamt. Fjellskjeringar og fyllingar skal rundast av og tilpassast tilgrensande terreng.

Høge fjellskjeringar skal utformast som palletrinn. Pallane skal vere 6m høge og 3m breidde. Fyllingar, grøfter og skråningar skal verte tilsådd med stadeigen vegetasjon. Det vert ikkje tillate å etablere uønskte framande artar.

Noverande vegetasjon skal i størst mogeleg grad verte teke vare på.

2.1.5 Automatisk freda kulturminne:

Dersom det under anleggsarbeid vert avdekka automatisk freda kulturminne, må arbeidet straks stogge og fylkeskonservatoren må bli varsla, jf. kulturminneloven § 8, 2. ledd.

2.1.6 Naturmangfald

I anleggsfasa må område tilhøyrande naturtypelokaliteten Tungesvikstranda (ID: BN00042224), som ikkje vert direkte råka av tiltaket eller anleggsarbeidet, avgrensast fysisk i felt. ein del av dei gamle askestuvane (og eventuelt også nokre tre av alm og lind) skal styvast i løpet av anleggsperioden på ein måte som ikkje fører til at dei blir for sterkt svekka og døyr. Styvinga må gjerast av fagfolk med relevant fagleg kompetanse.

2.1.7 Landbruk

Landbruksjord som går tapt som følge av planforslaget skal, så langt det let seg gjere, omplasserast og nyttast til landbruk.

2.1.8 Støy

Det må utførast ei kartlegging av behov for lokale støytiltak for bygningane med støyfølsamt bruksføremål som får lydnivå ved fasade som overskrid grenseverdier gitt i støyretningslinja T-1442. Det må settast i verk tiltak som gjer at grenseverdiane ikkje vert overstige. Det vert vist til støyrapporten for tiltak.

2.1.9 Overvatn

Utbetring av fv. 548 må byggast med grøfter, stikkrenner og andre naudsynte dreneringstiltak som er dimensjonert for å ta unna venta overvatn. Risiko knytt til overvatn, flaum og erosjon skal ikkje forverrast nedstrøms fv. 548 som følge av tiltaket.

3 Føresegner for arealformål

3.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

3.1.1 Renovasjonsanlegg (BRE)

Innanfor område BRE vert det tillate etablering av renovasjonspunkt inkludert nedgravd container. Areal for manøvrering og parkering og må løysast innanfor formålet. Området kan gjerdast inn med sikringsgjerdje.

3.1.2 Angitt byggje- og anleggsformål kombinert med andre angitte hovudformål (BAA)

Innanfor område BAA gjeld gjeldande reguleringsplanar etter følgjande liste:

Feltnamn	PlanID
BAA1	PlanID R-32DEL3
BAA2	PlanID R-36
BAA3	200901
BAA4	Kommuneplan, Etne kommune. 2001 - 2013

I tillegg gjeld sikrings-, støy- og faresoner som går fram av plankartet jf. føresegn 4.1.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.2.1 Veg (SV)

Område avsett til vegformål skal nyttast til veg som anvist på plankartet.

3.2.2 Køyreveg (SKV)

Rekkverk og andre tekniske installasjonar/trafikkreguleringar veghaldar finn nødvendig, kan førast opp innanfor formålet o_SKV1- o_SKV4.

3.2.3 Fortau (SF)

- Innanfor formålet o_SF1 skal det etablerast fortau med breidde gitt på plankart
- Innanfor formålet o_SF2 kan det etablerast anna nødvendig utforming for kantstopp eller busslomme for kollektivtransport.

~~3.2.4 Gangveg/ gangareal (SGG)~~

~~Areal avsett til SGG skal være open for allmenn ferdsel~~

3.2.5 Annan veggrunn-grøntareal (SVG)

Innanfor areal avsett til annan veggrunn grøntareal (o_SVG1, f_SVG2, o_SVG3 og SVG4) vert det tillate etablering av nødvendige skjeringar, fyllingar, grøfter mur, trapp, kulvert, røyr og andre nødvendige tekniske installasjonar. Areal skal dekkast til med jord og verte sådd til med stadeigen vegetasjon. Det vert ikkje tillate å etablere uønskte framande artar. Ved behov kan ein gruslegge eller legge lette fyllmassar innanfor mindre areal innanfor formålet for oppstillingsplass for bossdunkar. Innanfor formålet kan arealet nyttast som bygge- og anleggsområde og midlertidig deponi i anleggsfasen. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogeleg grad ivaretakast.

Det vert tillate etablering av leskur, andre tekniske installasjonar og gangareal tilknytt kollektivhaldeplass innanfor formålet o_SVG1.

Innanfor o_SVG3 vert det tillate å fylla reine overskotsmassar opp til eksisterande terrengnivå innanfor formålet.

3.2.6 Kollektivhaldeplass (SKH)

Innanfor formålet kan ein etablere køyreareal, kantstein og andre tekniske installasjonar som er naudsynt for kollektivhaldeplass.

3.2.7 Parkeringsplassar (SPP)

Område avsett til SPP skal nyttast til parkeringsareal.

3.2.8 Kombinerte formål for samferdselsanlegg og/eller tekniske infrastrukturtrasear (SKF)

Innanfor formålet kan ein etablere køyreareal og oppmerking for kantstopp for kollektivtransport.

3.3 Grøntstruktur

3.3.1 Turveg (GT)

Det kan etablerast ny tursti eller turveg. Turveg må etablerast med angitte høgder og breidder anvist på plankartet.

3.4 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindriftsformål (§ 12-5 nr. 5)

3.4.1 LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunlaget på garden (L)

Areal kan nyttast til nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunlaget på garden. Områda med føresegnområde # 1 midlertidig bygge- og anleggsområde kan

nyttast til bygge- og anleggsområde for veganlegget i anleggsperioden. Etter anleggsperioden skal arealet tilbakeføres til dagens bruk.

4 Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a) (sone 310 og 370)

4.1.1 Ras- og skredfare

Innanfor faresona kan det ikkje gjennomførast byggetiltak før det eventuelt er gjennomført risikoreduserande tiltak. Desse tiltaka må sikre at tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med dei respektive sikkerheitsklassane i TEK17 er nådd.

H310_1 er fareområde i sikkerheitsklasse S1, sannsyn for skred $\geq 1/100$.

H310_2 er fareområde i sikkerheitsklasse S2, sannsyn for skred $\geq 1/1000$.

H310_3 er fareområde i sikkerheitsklasse S3, sannsyn for skred $\geq 1/5000$.

4.1.2 Frisiktsone (H140)

I frisiktsonene skal det vere uhindra sikt ned til 0,5 meter over dei kryssande veger sin plan. Ved etablering av tiltak i frisiktsona skal det takast omsyn til snø som kan hindre sikt.

4.1.3 Støysone (H210 og H220)

Til ei kvar tid gjeldande retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegginga skal nyttast. Dette gjeld også for anleggsfasen. Innanfor området kan det oppførast støyreduserande tiltak for eksisterande bygg i samband med gjennomføring av veganlegget jf. T-1442.

4.1.4 Fareområde – høggspentanlegg (H370)

Det vert ikkje tillate oppføring av bygningar for varig opphald eller tilrettelegging av areal til bruk for uteopphald innanfor området.

4.1.5 Bevaring naturmiljø (560)

a) Omsynssona gjeld bevaring av styva og ustyva lauvtre samt kjend raudlista lavart.

b) Det er ikkje tillate å sette i gang tiltak som kan skade, øydelegge eller utilbørleg skjemme trea, eller framkalle fare for at det kan skje.

4.1.6 Bevaring kulturmiljø (570)

Skjøtsel og vedlikehald av området vert tillate. Endringar og utbetringar i området skal leggst føre kulturminnemyndighetene for uttale

4.1.7 Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)

Det er ikkje tillate å gjere nokon form for varig eller midlertidige inngrep som kan medføre å skade, øydelegge, grave ut, flytte, endre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme kulturminnet, eller framkalle fare for at det skal skje.

5 Føresegner til føresegnsområde

5.1 Føresegner til føresegnsområde (område #1 og #2)

5.1.1 Midlertidig bygge- og anleggsområde

Innanfor føresegnområdet kan det, der det er hensiktsmessig, oppførast midlertidige brakkeriggjar, midlertidige verkstad- og lagerbygningar, køyre- og parkeringsareal, tekniske anlegg og andre anlegg tilknytt området sin bruk som riggområde. Riggområda skal sikrast med inngjerding og skal stå fram som ryddig og vere minst mogeleg til sjenanse for omgivnadane.

Midlertidig bygge- og anleggsområdekan i anleggsperioden nyttast som riggplass og område for mellomlagring av alle typar massar, lagring av materiale og utstyr og anleggsvegar og liknande. Landskap og vegetasjon skal ikkje verte påverka meir enn høgst nødvendig. Etter avslutta anleggsperiode skal områda settast i stand og verte ført tilbake til opphavelig formål og stand.

5.1.2 Krav om særskilt rekkefølge for gjennomføring av tiltak (#2)

Område der det skal gjerast ei synfaring med kartlegging i naturtypelokaliteten Tungesvikstranda (ID: BN00042224) med representantar frå tiltakshavar, entreprenør og fagperson på naturmangfald (botanikar/lavspesialist). Det skal gjerast ei vurdering av gjennomføring av anleggsarbeidet for å hindre unødvendige inngrep i naturtypelokaliteten. Det vert vist til rekkefølgekrav 6.1 c.

6 Rekkjefølgjekrav

6.1 Før igangsetjingsløyve

- a. Før ein kan gi løyve til byggestart på veganlegget med tilhøyrande areal skal det gjerast ei rasfarevurdering knytt til anleggsområdet og gjennomføring av anleggsarbeidet. Aktuelle tiltak må skildrast og utførast.
- b. Det bør utførast ei detaljert kartlegging for å betre datagrunnlaget for naturmangfold i del av naturtypelokaliteten Tungesvikstranda (ID: BN00042224) innanfor planområdet.
- c. Før ein kan tillate byggestart på veganlegget med tilhøyrande areal skal det gjerast ei synfaring med kartlegging i naturtypelokaliteten Tungesvikstranda (ID: BN00042224) med representantar frå tiltakshavar, entreprenør og fagperson på naturmangfald (botanikar/lavspesialist). Det skal gjerast ei vurdering av gjennomføring av anleggsarbeidet for å hindre unødvendige inngrep i naturtypelokaliteten og spesielt innanfor føresegnområde #2. Synfaringa bør også inkludere areal innanfor omsynssone H560.
- d. Før det vert gitt løyve til å starte anleggsarbeidet må det gjerast ei kartlegging av uønskte framande artar i tiltaksområdet. Kartlegginga må gjerast i vekstsesongen. Det må vidare utarbeidast ein plan som reduserer risiko for spreiding av uønskte framande artar.
- e. Før det vert gitt løyve til å starte anleggsarbeidet må det utarbeidast planar for midlertidig vassforsyning, inkludert midlertidige uttak for sløkkevatn. Planen skal leggest føre kommunen og vassleverandør for godkjenning. Dersom det kjem fram at private drikkevasskjelder vert råka av tiltaket skal det dokumenterast at desse ikkje vert negativt påverka av tiltaket.

- f. Før ein kan tillate byggestart på veganlegget med tilhøyrande areal må det utarbeidast ein Ytre Miljø-plan. Føringer gitt i denne skal følgast for alle tiltak. Det vert vist til «616929-RIGm-NOT-02»- for innspel som skal ligge til grunn for Ytre-Miljøplan.
- g. Eigedomar som får tilkomstar stengt skal sikrast tilkomst i heile anleggsperioden.

6.2 Før anlegget vert teken i bruk

- a. Før det nye veganlegget kan takast i bruk må det gjennomførast aktuelle sikringstiltak som gjev akseptabelt farenivå på nytt veganlegg i samsvar med Statens vegvesen sine akseptkriterier for nytt veganlegg. Det vert vist til rapport «616929-01-RIGberg-RAP-001» for tiltak.
- b. Støyreducerande tiltak, jf. føresegn 2.1.8 må vere gjennomført før anlegget kan takast i bruk.

6.3 Rekkjefølgje i tid

6.3.1 Midlertidig bygge- og anleggsområde

Område for midlertidig bygge- og anleggsområde gjeld i frå planen er vedteke og 10 år fram i tid. Når veganlegg er ferdig opparbeidd skal utbyggjar melde til kommunen at områda kan kartteknisk fjernast.

7 Dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegnene

Plankart (R01-A1-1, R01-A1-2 og R01-A1-2) datert 12.04.2019

616929-RIA-RAP-001 Fv. 48 Skånevik - Flesjo – støyutgreiing

616929-01-RIGberg-RAP-001

616929-RIGm-NOT-02- Innspel til Ytre-Miljøplan